



Notat

Til: Eilin Houlison Molvik

Kopi til: Rune Kilen

Saksbehandler: Vegavdelinga/Irene Wilhelmsen
Vår referanse: 17/3806 - 10 / Gbnr - 185/298, FA - L42
Dato: 18.04.2018

Emne: Uttale i saka frå vegavdelinga

Viser til mottatt kopi av saka kor byggesaksavdelinga ber om uttale frå vegavdelinga. Saka er diskutert internt på avdelinga og dette er vår uttale i saka:

Avkjørsle er teikna inn i samsvar med reguleringsplan. Krava til sikt frå avkjørsle er innanfor dei rammene kommunen set for 30km/t, minstekrav 3/4m x 20m. Krava til avkjørsle må likevel oppfyllest:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne sne på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.

Det er og søkt om å få setje opp mur langs med eigedommen. Vegavdelinga ynskjer ikkje at denne vert sett opp slik at den reduserer sikta i Veg4 og FV4. Vegavdelinga anbefalar difor at det ikkje vert gitt dispensasjon for murar høgare enn 0,5m utanfor regulert byggegrense.

- Siktsona frå FV4 er teikna inn feil. Den skal vere vist frå kant veg og ikkje midt i kryss.



- Skissa frå søkjar syner at den innerste muren som er omsøkt er over 2m høg og ligg inne i stoppsiktsona for veg4 og FV4 mot det offentlege krysset. Stoppelengden for bil i 30km/t er 20m.
Stopsiktlinja er teikna inn på vedlagt skisse. Av trafikksikkerhetsmessige årsaker, bør det ikkje dispenseras for mur høgare enn 0,5m i den sona som ligg inn mot krysset.
Bak denne stoppsiktlinja kan slik dispensasjon gis så lenge den ikkje hindrar sikt i avkøyrsla til bustaden på gbnr 185/298.
- Vegavdelinga anbefaler og at det i stoppsiktsona vert teke hensyn til ei byggegrense på 4m frå vegkant langs FV4, i alle fall langs den kommunale delen av vegen i krysset.
- Det er viktig å presisere at dersom det vert gitt dispensasjon utanfor byggegrensa mot veg, skal grøfteareal sikrast med min. 0,5m mellom veg og mur, samt forankring i samsvar med krav frå VA.

Ber om at nye teikningar som syner nye siktlinjer og endra plassering av mur der dette er påpeika, vert sendt for ny vurdering i saka.

Mvh
Irene Wilhelmsen